

Namneliste i namnesak 2025/196

Oppslagsnr.	Namn i offentlig bruk/ forslag	Namneobjekttype	Vedtak	Merknader
739372	Dysa Døsa	bruk 410/6	Døsa	<p>Uttale Uttalen /dø:sa/ er oppgitt i Heradsregisteret og 3 av 4 oppslag i Fylkesatlas. Det fjerde oppslaget har registrert uttale med /y/. Dei som har kome med høyringsvar i saka, skriv at uttalen er /dø:sa/.</p> <p>Skriftradisjon Det er ikkje sterk skriftradisjon for namnet. I den skriftlege bruken som finst, er både <i>Døsa</i> og <i>Dysa</i> brukt. Første utgåve av Økonomisk kartverk har <i>Døsa</i>, <i>Døsa</i> og <i>Døsa</i>. Andre utgåve har <i>Dysa</i>, <i>Dysa</i> og <i>Dysa</i>, men <i>Døsa</i> med ø. I matrikkelen er bruket registrert med namnet <i>Vestre</i> (gardsnamnet). Både y og ø er tidlegare vedtatt i namn med same namneledd andre stadar på Vestlandet. <i>Dysa</i> blei vedtatt for dette bruket i 1992.</p> <p>Høyringsvar Ein informant meldte til Kartverket på e-post i oktober 2025 at den lokale uttalen er /dø:sa/. Vedkommende meiner at skrivemåten <i>Dysa</i> opplevast som heilt feil, og at den også kan utgjere fare for at den nedervde, lokale uttalen endrast.»</p> <p>Otto Lidvar Græsdal, eigar av bruket, skriv at <i>Døsa</i> er rett skrivemåte, og at det same gjeld dei avleidde namna.</p> <p>Oddvin Norvald Longva skriv: «Døsa på Longva har i mi tid heitt Døsa». Det er uklart kva stad han meiner ettersom namnet Døsa som er med i denne saka, ikkje ligg på Longva.</p> <p>Tilråding Språkrådet skriv: «Det er uvisst om det hokjønnsordet det dreier seg om i denne saka, blir nytta i nemneverdig grad i norsk daglegtale. Ordet er ført opp i Nynorskordboka, då med skrivemåten <i>dys</i>. Det hadde same forma i gammalnorsk. Substantivet er nytta med tydingane 'lita steinrøys' og 'gravkammer frå steinalderen'. Språkrådet viser til at det det vart vedteke i 1992 at bruksnamnet skal skrivast <i>Dysa</i> i offentlig samanheng, og dei tilrår at ein held fast ved skrivemåten Dysa ettersom dei ikkje kan sjå at det i den siste saka har komme til nye moment som ikkje var kjende for stadnamntenesta i 1992. Dei tilrår skrivemåtane Dysa, Dysa og Dysa for dei avleidde namna.</p> <p>Vurdering Lov om stadnamn § 4 seier at skrivemåten av stadnamn skal ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, som er /dø:sa/. Kartverket meiner at skrivemåten som blei vedtatt i 1992 ikkje passar med nedervd, lokal uttale, og at dei opplysningane som har kome inn i saka, talar for ein meir dialekt nær skrivemåte. Som Språkrådet skriv, er det uvisst om hokjønnsordet <i>dys</i> 'lita steinrøys' blir nytta i nemneverdig grad i norsk daglegtale. Difor meiner Kartverket at ein her ikkje treng å leggje vekt på § 1 første ledd i forskrift om stadnamn, som seier at «Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving». Siste ledd i forskrifta § 1 seier også at «Skrivemåtar som kan medverke til at [...] den nedervde lokale uttalen blir endra, kan berre godtakast dersom dei har ein lang og dominerande tradisjon, og det er stor semje om dei lokalt». Kartverket meiner at det er grunn til å leggje større vekt på at skrivemåten <i>Dysa</i> potensielt kan endre den nedervde lokale uttalen, slik den lokale informanten meldte om til Kartverket i oktober 2025. Skrivemåten <i>Døsa</i> er også ønskt av brukseigar. Samla sett taler dei ulike argumenta for skrivemåten <i>Døsa</i>.</p>

Namneliste i namnesak 2025/196

497353	Dysasætra Døsasætra	seter	Døsasætra	Same som over.
194321	Dysadalen Døsadalen	dal	Døsadalen	Same som over.
397854	Dysahaugane Døساهaugane	haug	Døساهaugane	Same som over.
578291	Rema Rimma	bruk 309/112	Rimma	<p>Uttale Uttalen er /rim:a/ eller /rem:a/ med kort rotvokal ifølgje dei som har kome med innspel. Uttalen /rím:a/ og /rím:inje/ er oppgitt i <i>Bygdebok for Haram. B. 3: Fjørtofta og Flemsøya/Skuløya</i>. Ein lokal informant opplyste den same uttalen til Kartverket på telefon i 06.10.2025.</p> <p>Skrifttradisjon Det er ikkje sterk skrifttradisjon for namnet. Økonomisk kartverk har <i>Rema</i>. I matrikkelen er <i>Flem</i> (gardsnavnet) registrert som bruksnavn på 309/11. Bnr. 309/112 er ikkje namngitt.</p> <p>Høyrings svar Marit og Petter Flem, eigarar av bruket, skriv: «Det som er brukt her er enten Rimma eller Remma. Vi bruker Remma som navn på eiendommen. Rema blir helt feil og ikke noe vi kan identifisere oss med».</p> <p>Camilla Flem Otterlei, eigar av bruk 309/11, ønsker skrivemåten <i>Rimma</i> med <i>i</i>. Ho viser til at <i>Rimma</i> er brukt i ei bygdebok frå Flemsøya og i andre bruksnamn på Flemsøya/Skuløya.</p> <p>Tilråding Språkrådet skriv: «Det substantivet som etter alt å dømma er lagt til grunn for det namnet me har føre oss i denne einskildsaka, er ført opp med forma <i>rim</i> (f.) og med tydinga ‘stong, spildre, sprosse’ i Nynorskordboka. Substantivet vart skrive <i>rim</i> òg i gammalnorsk. Dei normerte bundne bøyingsformene er <i>rimma</i> i eintal og <i>rimmane</i> og <i>rimmene</i> i fleirtal. [...] Sidan det i den lokale munnlege namnetradisjonen ser ut til å vera ein gjennomført bruk av ein kort rotvokal, finn me det rettast å tilrå at bruksnamnet blir skrive med dobbel m.» Språkrådet skriv også at opplysningar i saka gir grunn til tru at det er vanlegast i dag å nytta ei uttaleform som inneheld ein rotvokal som ligg nærare /i/ enn /e/. Etter ei samla vurdering tilrår dei skrivemåten Rimma.</p> <p>Vurdering Kartverket si vurdering er at skrivemåten <i>Rimma</i> med <i>i</i> og dobbelkonsonant vil vere mest i samsvar med den nedervde, lokale uttalen. Opplysningane vi har fått i saka, tilseier at uttalen er med kort rotvokal, som gir grunnlag for å velje dobbelkonsonant, og at vokalen ligg nærare /i/ enn /e/.</p> <p>Det ser ut til å vere ein viss skrifttradisjon for forma <i>Rimma</i>, jf. det som står i høyrings svaret frå Camilla Flem. Kartverket har også tatt med i vurderinga at <i>Rimma</i> blei vedtatt som skrivemåte på eit bruksnamn på Haramsøya i 1992, og at det same år blei gjort vedtak om skrivemåtane <i>Legerimma</i> og <i>Midtrimma</i> for to naturlokalitetar på Flemsøya/Skuløya. Språkrådet skriv at dette er med på å styrke grunnlaget for tilrådinga om skrivemåten <i>Rimma</i>.</p>

Namneliste i namnesak 2025/196

				<p>Kartverket har også tatt med i vurderinga at eigar av bruk 309/11 ønsker skrivemåten <i>Rimma</i>. Eigarar av bruk 309/112 skriv at <i>Remma</i> eller <i>Rimma</i> er brukt lokalt, og at dei sjølv bruker <i>Remma</i>. Kartverket meiner det er mest hensiktsmessig at begge bruka får same skrivemåte, og at det blir <i>Rimma</i>. Vi tolkar høyringssvaret frå Marit og Petter Flem slik at dei også er positive til skrivemåten <i>Rimma</i>, og at den skrivemåten dei ønsker å unngå, er <i>Rema</i>.</p> <p>Samla sett vurderer vi det som rett å fastsetje <i>Rimma</i> som offisiell skrivemåte på begge bruka.</p>
1094898	Rema Rimma	bruk 309/11	Rimma	Same som over.
801882	Kjemannen Kimane	haug	Kimane	<p>Uttale Heradsregisteret har oppslagsforma <i>Kimen</i>, uttale /kjimiɲ/, på -å. <i>Fjellknaus på Fjørtofta</i>. Fylkesatlas har oppslagsforma <i>Kjeman</i> med uttale /'Ke:maN/.</p> <p>Skriftradisjon Økonomisk kartverk og Norge 1:50 000 har <i>Kjemannen</i>.</p> <p>Høyringssvar Det kom ingen høyringssvar om dette namnet. I SSR er det registrert ein informantopplysning som Kartverket mottok i 2023: «To kimar, Store og Ihle. Felles Kje:mannj.»</p> <p>Tilråding Språkrådet går ut ifrå at det er tale om eit svakt hankjønnssord i dette namnet, ettersom namnekortet i Heradsregisteret har eit aksenteikn som merkjer tostavingstonelag etter den lange vokalen i første staving. Med utgangspunkt i det som står på side 267 i Alf Torp si <i>Nynorsk etymologisk ordbok</i> (frå 1919), tolkar dei det slik at ordet er nytta som ei topografisk nemning med tydingane '(strimmel med) småskog' og '«ganske liten græsgrodd strimmel mellom klipper»'.</p> <p>Språkrådet skriv: «Så langt me kan sjå, er skrivemåten kim(e) ikkje nytta i SSR-registrerte namn i denne landsdelen. Me finn det likevel mest tilrådeleg at første stavinga i det aktuelle namnet på Fjørtofta blir skriven Kim-. Dette heng delvis saman med det at det er denne skrivemåten som ligg nærast den munnlege namneforma som vart registrert i 1925. Vidare har det då noko å seia at den nemninga det er tale om her, har skrivemåten kime som rettskrivingsform. Me har inntrykk av at hankjønnssordet kime i dag blir nytta mest med tydingane 'spire' og 'opphav (til) (/ årsak til)'. I denne bruken av nemninga verkar det absolutt mest vanleg å nytta den uttaleforma som har ein rein /i/-lyd i første stavinga». Dei argumenterer også for at den bestemte fleirtalsendinga bør skrivast <i>-ane</i> og ikkje <i>-an</i>. Etter ei samla vurdering tilrår dei skrivemåten Kimane.</p> <p>Vurdering Det er mykje som tyder på at dette namnet er eit fellesnamn på to naturlokalitetar. I Heradsregisteret er namna registrerte som <i>Kimen</i> og <i>Litlekimen</i>, og i Fylkesatlas som <i>Kjeman</i> og <i>Vesle Kjemannen</i>. I informantopplysninga som er komen inn til Kartverket, er det skrivi at «Kje:mannj» er nytta som fellesnamn på dei to lokalitetane. Når det gjeld etterleddet <i>-mannen</i>, er dette truleg ei misforståing som kjem av at mange fjellnamn i Noreg har ordet <i>mann</i> i etterleddet. Kartverket støttar Språkrådet si vurdering om at hovudlekken i dette namnet truleg ikkje har noko med nemninga <i>mann</i> å gjere, men at det er</p>

Namneliste i namnesak 2025/196

				<p>det svake hankjønnsordet <i>kime</i> som ei topografisk nemning med tydingane '(strimmel med) småskog' og '«ganske liten græsgrodd strimmel mellom klipper»' som ligg til grunn.</p> <p>Til slutt har vi vurdert skrivemåten av fleirtalsendinga <i>-ane/-an</i>. På bakgrunn av dei vedtaka som har blitt gjort for andre namn med fleirtalsendingar i Haram kommune, har Språkrådet tilrådd skrivemåten <i>-ane</i>. Dei nemner mellom anna <i>Bardane</i>, <i>Bløtane</i>, <i>Fjørtoftsvikane</i> og <i>Flørimmane</i> på og attmed Fjørtofta. Kartverket støttar denne vurderinga og konkluderer med at <i>Kimane</i> blir den rette skrivemåten.</p>
922298	Otrefjellet Øtrefjellet	høyde	Otrefjellet	<p>Uttale Fylkesatlas for Møre og Romsdal har oppslagsforma <i>Otrefjellet</i> med uttale /"øtre,fjeLe/. Ein lokal informant opplyste på e-post til Kartverket i oktober 2025 at uttalen er med /ø/, og at <i>Otrefjellet</i> blir oppfatta som feil.</p> <p>Skriftradisjon Det er ikkje sterk skriftradisjon for namnet. Første utgåve av økonomisk kartverk har <i>Øtrefjellet</i>. Andre utgåve har <i>Otrefjellet</i>.</p> <p>Høyrings svar Otto Lidvar Græsdal går inn for skrivemåten <i>Øtrefjellet</i> med ø.</p> <p>Tilråding Språkrådet skriv: «Truleg heng føreleken i alle dei nemnde namna på sida Fylkesatlas saman med dyrenemninga <i>oter</i> (m.). Det aktuelle fjellet i Haram kommune er forma slik at det så gjerne kan minna om ein krylrygga <i>oter</i>. I nord smalnar fjellpartiet av i ein skrånande bergrinde som ber namnet <i>Halsen</i>. (Jamfør med det som kjem fram på nettsida Norgeskart.) Me har tidlegare i dette brevet peika på det at det i føremålsparagrafen i stadnamnlova står at ein i offentleg samanheng bør nytta ein skrivemåte «som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet». Det vart vedteke i 1992 at det fjellnamnet det er tale om i denne saka, skal skrivast Otrefjellet i offentleg samanheng. Me tilrår at ein held fast denne skrivemåten».</p> <p>Vurdering Som Språkrådet skriv, heng førsteleddet i namnet truleg saman med dyrenamnet <i>oter</i>. Dyrenamnet <i>otr</i> hadde kort o i gamalnorsk, og dette har gått over til ulike uttalevariantar som /øttre/, /åttre/, /øtter/ og /åtter/, i mange norske dialektar. Språkrådet viser til § 1 i lova, som seier at ein i offentleg samanheng bør nytte ein skrivemåte «som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet», og tilrår at ein held fast ved skrivemåten <i>Otrefjellet</i>. Dersom ein ser på regional normeringspraksis i Møre og Romsdal, finn ein både <i>Oter-</i>, <i>Otter-</i> og <i>Otre-</i> i mange stadnamn i offentleg bruk. Mest vanleg er normering etter rettskrivingsforma <i>oter</i>. Berre to namn har skrivemåten <i>Øtre-</i>. Kartverkets støttar Språkrådets vurdering om å halde fast på skrivemåten <i>Otrefjellet</i>. Vår vurdering er at skrivemåten <i>Otre-</i> til forskjell frå <i>Oter-</i> får fram noko av den nedervde lokale uttalen utan å skyggje for meiningsinnhaldet i namnet, slik bokstaven ø vil kunne gjere. Skrivemåten med o er også mest i tråd med det som er vedtatt for andre stadnamn med same namneledd i regionen.</p>